



Bokn kommune

Helse- og omsorgsplan Bokn kommune 2025 - 2031

Innhald

Forord.....	4
Samandrag.....	5
1.0 Innleiing	6
Del 1 Helse og omsorgsplan for Bokn kommune	7
1.1 Bakgrunn.....	7
1.2 Formål med helse- og omsorgsplanen.....	7
1.3 Statlege styringsdokument og status nasjonalt.....	8
1.4 Kommunale styringsdokument.....	8
1.4.1 Integrering av temaplanar.....	9
1.5 Framtidas helse- og omsorgstenester - utfordringar	9
Del 2 Innsatsområde – mål og tiltak	10
2.1 Kommunen sitt helse- og omsorgstilbod	10
2.2 Digitalisering og velferdsteknologi.....	12
2.3 Tidleg innsats og førebygging	13
2.3.1 Folkehelse og førebygging	13
2.3.2 Tidleg innsats og samordna støtte til barn og unge.....	15
2.3.3 Frivillig innsats og deltaking – ein nøkkel i det førebyggande arbeidet	16
2.3.4 Kvardagsrehabilitering som førebyggande tiltak	16
2.4 Koordinerte tenester og heilskapleg pasientforløp.....	17
2.4.1 Legetenester.....	17
2.4.2 Tildeling og koordinering av tenestene.....	17
2.4.3 Habilitering og rehabilitering	18
2.4.4 Demens	19
2.4.5 Kreftomsorg og palliativ behandling ved slutten av livet.....	19
2.4.6 Rus og psykisk helse.....	20
2.4.7 Unge brukarar med samansette behov	21
2.4.8 Menneske med funksjonsnedsetting	22
2.4.9 Flyktingtenesta	22
2.5 Pasient- og brukartryggleik	23
2.5.1 Brukarmedverknad	23
2.5.2 Kvalitet og pasienttryggleik.....	24
2.6 Bustad som grunnlag for meistring og gode tenester	24
2.7 God økonomistyring og ressursforvaltning.....	27
2.7.1 Leiing	28
2.7.2 Kompetanse og rekruttering	29
2.7.3 Heiltidskultur	29

Del 3	Handlingsplan 2025 - 2031	31
3.1	Velferdsteknologi.....	31
3.2	Førebygging	32
3.3	Strategisk bustadsplanlegging	32
3.4	God økonomistyring og ressursforvaltning.....	33
4.0	Evaluering.....	36

«Helse- og omsorgstenestene står ovanfor utfordringar knytt til demografiske og samfunnsmessige endringar. Vi får fleire eldre innbyggjarar og fleire har samansette helseutfordringar som skal behandlast i kommunen. Dette utfordrar Bokn kommune som tenesteytar når det gjeld kompetanse, kapasitet og måtar å gi tenester på. I den nye befolkningsframskrivinga si anslår SSB at det i år 2031 vil vera fleire eldre over 65 år enn barn og unge mellom null og 19 år i Noreg. Ifølge SSB er befolkninga som er 67 år eller eldre venta å auka med over 30 prosent fram mot 2035, og at talet på alderspensjonistar er venta å auka tilsvarande. Dette vil gi kommunen dei største helse- og omsorgsutfordringane i planperioden. Tiltak for å møte utfordringane vil speilast i kommunen sine prioriteringar av tiltak i planperioden».



Foto: Tom-Inge Aksdal

Forord

Helse- og omsorgstenestene i dag skal omfatte heile livsløpet – ikkje berre eldreomsorga. Nye brukargrupper, særleg yngre personar med ulike hjelpebehov, fører med seg både nye ressursar, andre forventningar og ulike meistringsstrategiar. Dette bidrar til å fornye og utvikle tenestene, og krev at vi tenkjer heilskapleg og fleksibelt når vi planlegg for framtida.

Denne helse- og omsorgsplanen skal gi overordna retning for utviklinga av tenestene i Bokn kommune fram mot 2031. Planen byggjer på nasjonale føringar og lokale mål, og tek utgangspunkt i dei demografiske og faglege utfordringane vi står overfor.

Målet er å utvikle gode, trygge og berekraftige tenester som møter innbyggjarane sine behov – uansett livssituasjon. Planen skal synleggjere verdiane vi styrer etter, måla vi jobbar mot, og kva retning kommunen ønskjer å ta i helse- og omsorgssektoren dei komande åra.

For å møte framtidens behov satsar Bokn kommune på fire prioriterte område: digitalisering og velferdsteknologi, tidleg innsats og førebygging, strategisk bustadplanlegging og god forvaltning av ressursar – både menneskelege og økonomiske.

Desse innsatsområda skal bidra til auka meistring og tryggleik for brukarane, førebygge meir omfattande behov, sikre tilgang på eigna bustader, og styrke rekrutteringa og kompetansen i tenestene. Slik legg vi grunnlaget for robuste og framtidsretta løysingar – med brukaren i sentrum.

Planen skal vere eit reiskap for både politisk styring, administrativ leiing og fagleg utvikling i helse- og omsorgssektoren. Han skal bidra til at Bokn kommune har eit felles utgangspunkt for prioriteringar og val i åra som kjem, og danne grunnlag for vidare arbeid med konkrete tiltak og handlingsplanar.

Med denne planen ønskjer vi å skape eit felles mål: å utvikle robuste, framtidsretta og menneskeorienterte tenester – til beste for innbyggjarane i Bokn.

Samandrag

Kommunen står føre store omstillingar i åra som kjem. Økonomien vil fortsatt vere stram, og det må gjerast krevjande prioriteringar. Samtidig aukar andelen eldre i befolkninga, spesielt dei aller eldste. Vi ser nå slutten på generasjonen som døde kort tid etter pensjonsalder. Framtidas eldre vil leve lenger – med fleire friske år, men og med behov for helse- og omsorgstenester over lengre tid.

Førebygging er det mest berekraftige både økonomisk og helsemessig. For å møte framtidas behov må kommunen difor satse på tiltak som fremmer helse og utsett eller forhindrar sjukdom og funksjonstap – også når effektane ikkje kjem fram med ein gong.

Planen er strukturert i fire deler:

1. **Bakgrunn og rammer** – med utgangspunkt i nasjonale og lokale styringsdokument og framtidige utfordringar
2. **Innsatsområde med mål og tiltak** – knytt til sentrale tema innan helse og omsorg
3. **Handlingsplan for 2025–2031** – med konkretisering av satsingsområde og planlagde tiltak
4. **Evaluering og oppsummering** – med forslag til korleis kommunen kan møte utfordringane vi står overfor

1.0 Innleiing

Helse- og omsorgstenestene omfattar i dag heile livsløpet, ikkje berre eldreomsorg. Yngre brukarar fører med seg nye behov, ressursar og meistringsstrategiar, som bidrar til å fornye tenestene.

For å sikre ei berekraftig tenesteutvikling må vi:

- Leverer effektive tenester
- Ha ein rasjonell struktur
- Satse på innovasjon og brukardeltaking
- Ta i bruk velferdsteknologi
- Prioritere folkehelsearbeid
- Styrke rehabilitering
- Utvikle ein framtidsretta bustadpolitikk

Helse- og omsorgsplanen skal vere ein forpliktande og overordna plan for heile befolkninga i Bokn, uavhengig av alder og behov. Målet er at innbyggjarane skal få dekkja dei fleste tenestene innan eigne kommunegrensar. Planen samordnar og gir retning for fleire temaplanar innan helse og omsorg.

Revidering av helse- og omsorgsplanen starta våren 2025, arbeidsgruppa har bestått av:

- Kommunalsjef helse- og omsorg
- Einingsleiar pleie- og omsorg
- Kommuneoverlege
- Leiar psykisk helse- og rusteneste
- Kommunalsjef oppvekst
- Helsesjukepleiar
- HTV NSF
- HTV Fagforbundet

I tillegg har leiar i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, Bokn Ungdomsråd og representantar frå frivilligheita deltatt på prosessmøter våren og hausten 2025 og på den måten vore med å påverka innhaldet i helse- og omsorgsplanen.

Planen må sjåast i samanheng med budsjett og økonomiplan. Tiltaka er ikkje rangert, men utgjør samla sett eit viktig grunnlag for helse- og omsorgstenestene i Bokn kommune.

Del 1 Helse og omsorgsplan for Bokn kommune

1.1 Bakgrunn

Nye lovkrav og reformer som samhandlingsreforma, «Leve hele livet» og «Bu trygt heime» fører til store endringar i helse- og omsorgstenestene. Kommunane må tilpasse seg ein ny kvardag og møte komplekse utfordringar dei neste 25–30 åra. Dette krev målretta innsats og langsiktig planlegging.

Sjølv om nasjonale føringar er viktige, må dei tilpassast lokale forhold og sjåast i samheng med kommuneplanen sin samfunnsdel. Måla i helse- og omsorgsplanen er difor tett knytt til delmåla i kommuneplanen og gir ei samla retning for utviklinga i Bokn kommune.

1.2 Formål med helse- og omsorgsplanen

Formålet med ny helse- og omsorgsplan er å sikre gode og framtidretta tenester for alle som bur eller oppheld seg i Bokn. Hovudmålet er å legge til rette for auka ansvar, meistring og deltaking i alle livsfasar, og å tilby tenester av god kvalitet til dei som treng det – i tråd med ei berekraftig utvikling.

Planen gir eit bilete av dagens situasjon, framtidige utfordringar og korleis tenestene må utviklast dei neste 10–15 åra. Den endar i ein tiltaksplan som dekkjer heile helse- og omsorgssektoren og peikar ut retninga vidare.

Befolkningsframskrivingar viser stor auke i talet på eldre, både i gruppa 67–79 år og blant dei over 80 år. Dette vil påverke etterspurnaden etter tenester og stiller nye krav til kommunen sitt tilbod.

Helse og omsorgsplanen vil vise både langsiktige satsingsområde og meir konkrete tiltak, og er difor eit viktig politisk styringsdokument for dei folkevalde i Bokn fram mot 2031.

Hovudstrategien i planen er:

- Å styrkje det førebyggjande folkehelsearbeidet
- Å ha fokus på born og unge, brukarmedverknad, aktivitet og samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Å styrkje den heimebaserte tenesta slik at flest mogleg får bu heime lengst mogleg
- Å gi befolkninga i Bokn koordinerte, innovative og gode tenester med respekt og verdigheit for den enkelte

1.3 Statlege styringsdokument og status nasjonalt

Helse- og omsorgstenestene i kommunen bygger på sentrale lovar som Helse- og omsorgstenestelova, Folkehelselova, Pasient- og brukarrettighetslova, Lov om psykisk helsevern og Helseberedskapslova. Desse er utdjupa gjennom forskrifter, då mellom anna verdigheitsgarantien, kvalitetsforskrifta og fastlegeforskrifta.

I tillegg finst det fleire nasjonale planar og rettleiarar som klargjer kommunen sitt ansvar, som for eksempel *Nasjonale helse- og samhandlingsplan 2024–2027*, *Demensplan 2025* og *Omsorgsplanane*. Psykisk helse, rus, kreft, KOLS og diabetes er satsingsområde som krev lokal innsats.

Samhandlingsreforma inneber meir førebygging, tidlegare behandling og tettare samarbeid, og har ført til at fleire oppgåver blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunen. Dette stiller høgare krav til både kapasitet, kompetanse og prioritering i kommunale tenester. Alle i Noreg skal ha eit likeverdig tilbod av helse- og omsorgstenester, uavhengig av alder, bustad, økonomi eller livssituasjon. Tenestene skal bidra til god helse, førebygging og redusere sosiale helseforskjellar.

Nasjonale føringar som *Folkehelsemeldinga (2022–2023)*, *Opptappingsplanane for rusfeltet* og *habilitering/rehabilitering*, samt kvalitetsreforma *Leve heile livet* og den nye reforma *Bu trygt heime (2023)*, gir retning for kommunane sitt arbeid. Desse reformene vektlegg førebygging, tidleg innsats, gode overgangar, brukarmedverknad og høg kvalitet i tenestene.

Omsorg 2020 og stortingsmeldinga *Framtidas primærhelseteneste* løftar fram behovet for ei meir heilskapleg og berekraftig omsorgsteneste, der brukarar får større innverknad over eigen kvardag. Innovasjon, leiing, teknologi og samspel med frivillige og private er sentrale verkemiddel. Utviklinga av dei sosiale tenestene må også sjåast i samanheng med NAV sitt arbeid og den statlege arbeidslinja.

Helse- og omsorgsplanen for Bokn kommune skal vere eit overordna og strategisk dokument som gir retning for utviklinga av tenestene, og speglar nasjonale reformer og planar på relevante område.

1.4 Kommunale styringsdokument

Eit hovudmål i kommuneplanen er at Bokn skal vere eit fullstendig samfunn, der innbyggjarane får dekkja dei fleste tenestene lokalt. Kommunen skal arbeide for auka folketal og verdiskaping, korte reiseavstandar til tenestene, godt samarbeid med nabokommune, berekraftig bruk av naturressursar og tett samarbeid med innbyggjarane.

Med folkehelseperspektivet i botn, er målet å førebyggje meir og reparere mindre. Innan omsorg skal innbyggjarane kunne leve trygt, meningsfylt og mest mogleg sjølvstendig.

1.4.1 Integrering av temaplanar

Denne helse- og omsorgsplanen inkluderer òg kommunen sine bustadsosiale strategiar og tiltak, og dekkjer dermed det som tidlegare har vore behandla i ein eigen bustadsosial handlingsplan. I tillegg er Plan for psykisk helse og rus og Plan for habilitering og rehabilitering innarbeidde i denne planen. Målet med å samle desse planverka er å styrkje samanhengen mellom bustad, helse og tenestetilbod, og å sikre ei heilskapleg og samordna tilnærming til innbyggjarane sine levekår, meistring og livskvalitet.

Andre planar, som Smittevernplan, Eit liv utan val – handlingsplan mot vald, Kompetanseplan, Handlingsplan for folkehelse og Plan for samordning av frivillig sektor, vert vidareførte som eigne temaplanar.

1.5 Framtidas helse- og omsorgstenester - utfordringar

Lov om helse- og omsorgstenester gir kommunen eit breitt ansvar for å tilby nødvendige tenester til alle som oppheld seg i kommunen, inkludert førebygging, behandling og tilrettelegging for alle pasientgrupper.

Tenestene må utviklast i takt med endra behov. Mange brukarar har samansette behov og treng langvarig og tverrfagleg oppfølging. Dette stiller krav til auka og variert kompetanse innan helse- og omsorg, inkludert lege, fysioterapi, sjukepleie og sosialfagleg støtte.

Kommunen får stadig meir ansvar for behandling utanfor sjukehus, og fleire skal bu heime lengre og få hjelp der. Dette krev ein heilskapleg og samordna innsats.

Bokn kommune har pr 01.07.25 totalt 906 innbyggjarar (kjelde: SSB). SSB prognosar viser stabil folketal fram mot 2050, men med ei klar auke i talet på eldre over 70 og 80 år, og høgare forventa levealder for begge kjønn (jf. tabell 1):

Tabell 1: Framskrivingar (kjelde: SSB)

År	Over 70 år	Over 80 år	Forventa levealder menn	Forventa levealder kvinner
2024	157	139	81,7 år	85,1år
2040	177 (23,2%)	86 (11,3%)	84,4 år	87,1 år
2050	253 (28,5%)	124 (14,1%)	85,8 år	88,2 år

[Regionale befolkningsframskrivinger 2020-2050](#)

Kommunen har høgare gjennomsnittleg levealder for begge kjønn, noko som krev berekraftige og tilpassa tenester. Fleire ønskjer å bu lengst mogleg heime, og kompetanse, omstilling, rekruttering og ny teknologi er sentralt for å møte framtidige behov.

Framskrivningar viser ein betydeleg auke i eldre over 67 år, medan talet på born og unge går ned. I tillegg bur fleire i aldersgruppa 45+ aleine, noko som kan påverke framtidig behov for helsetenester.

Tabell 2. Innbyggjarar etter aldersgrupper (normalalternativet) 2025 - 2050.

Prosent

År	Innbyggjarar i alt	Innbyggjarar etter aldersgruppe, prosentvis						
		0-15	16-24	25-39	40-54	55-66	67-79	80+
2025	906	12,3	11,7	17,8	20,2	17,7	13,7	6,6
2030	915	14,6	10,2	16,4	17,5	18,8	14,9	7,7
2035	914	14,4	9,0	15,5	17,7	18,4	17,1	7,9
2040	918	13,9	8,7	14,2	18,3	16,3	18,3	10,2
2045	920	13,9	8,4	13,4	17,0	16,4	19,9	11,1
2050	920	13,9	8,0	12,5	16,2	17,6	18,4	13,4

KommuneProfilen. Befolkningsframskrivningar etter befolkningens alder - for kommuner, regioner og fylker i årene 2025-2050 - basert på statistikk fra SSB

Tabell 2 viser at behovet for pleie- og omsorgstenester vil auke, og sektoren må vere klar for store endringar og aukande etterspurnad. Ressursane må fordelast etter utviklinga, samtidig som einingane må finne nye løysingar for omsorgsoppgåvene.

På sikt vil kommunale velferdstenester bli sterkt pressa, med store utfordringar ved auka omsorgsbehov blant eldre. Regjeringa oppmodar kommunane til å satse på innovasjon i helse- og omsorgssektoren.

Del 2 Innsatsområde – mål og tiltak


2.1 Kommunen sitt helse- og omsorgstilbod

God økonomisk styring i helse- og omsorgstenestene krev ein tenestestruktur basert på BEON-prinsippet, som sikrar trinnvis opptrapping av tenester. Dette gjer det mogleg for flest mogleg å bu heime lengst mogleg, samtidig som tenestene blir levert effektivt.

BEON-prinsippet dekkjer førebygging, heimehjelp og institusjonstenester. Bogn kommune har revidert omsorgstrappa (2025), og må jobbe strategisk for å la flest mogleg bu lengst mogleg heime. Dette avhenger av ressursfordeling, dekning av døgnomsorg, spreining av tenester og spesialisering. Aktivisering, sosiale og kulturelle behov må prioriterast, og universell utforming skal gjere bustader meir aldersvenlege. Velferdsteknologi skal auke tryggleik og meistring, og fokus på eigenmeistring og

samarbeid med lokalsamfunnet blir viktig. Auka heimebasert omsorg kan redusere behovet for døgnomsorg.

Figur 3: Omsorgstrappa i Bokn kommune – etter BEON prinsippet



2.2 Digitalisering og velferdsteknologi

Digitalisering og velferdsteknologi er viktige satsingsområde for å utvikle framtidretta og trygge helse- og omsorgstenester i kommunen vår. Ved å ta i bruk gode digitale løysingar kan vi gi betre støtte til brukarar i kvardagen, skape tryggleik for pårørnde, og gjere kvardagen meir effektiv for dei tilsette. Teknologien gir oss nye moglegheiter til å jobbe smartare, sikre betre informasjonsflyt og legge til rette for at fleire kan meistre eiga helse og livssituasjon – på eigne premiss.

Pleie- og omsorg bruker moderne digitale tryggleiksalarmar med responscenter på sjukestova. Alarmane blir først handsama i Kristiansand før helsepersonell rykker ut. Framtidig satsing på velferdsteknologi, som digitale alarmar, mobile tryggleiksalarmar og sensorar (t.d. røykvarslarar), skal auke livskvaliteten til eldre og kronisk sjuke slik at dei kan bu lengre heime med auka tryggleik.

Sentrale mål: Det er store demografiske utfordringar med ei aldrande befolkning, fleire med kroniske lidningar og aukande kostnader i helse- og omsorgssektoren. Samstundes er det venta mangel på kvalifisert arbeidskraft. Velferdsteknologien skal bidra til å møte desse utfordringane ved å auke effektiviteten og kvaliteten i tenestene.

Lokale mål: Målet er at tenestemottakarane skal kunne bu heime og vere sjølvhjelpne lengst mogleg. Teknologien skal gi pårørande redusert bekymring og moglegheit til å følgje opp. Institusjonsbebuarar skal oppleve tryggleik, sjølvråderett og sikkerheit. Kommunen skal bruke ressursane smart og tilby tilpassa løysingar som aukar tryggleiken, slik at fleire kan bu trygt heime lengst mogleg. Velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet, med fokus på brukarane sine behov i tråd med nasjonale føringar.

Utfordringsbilde: Bokn kommune deltar i interkommunale velferdsteknologigrupper for samarbeid og leverandøravtalar. Som liten kommune er det krevjande å velje riktige teknologiske løysingar, og gevinstane har vore mindre enn i større kommunar. Til dømes krev medisindispenserar at brukaren sjølv kan handtere medikament, og økonomisk lønnsemd krev minst ti brukarar, noko kommunen ikkje har per i dag.

Velferdsteknologi stiller store krav til organisering, kulturendring og opplæring av tilsette, brukarar og pårørande. Feilinvesteringar og dårleg utnytting av løysningane er her risikofaktorar. I tråd med Helsedirektoratet fokuserer kommunen på:

- **Vidareutvikle teknologisk støtte i heimetenestene**
Bygge ut bruk av sensorar, inkludert digitalt tilsyn og sporings-/bevegelses-sensorar, og vurdere innføring av elektronisk medisineringsstøtte og multi-doseordningar
- **Tilby lågterskel teknologi for tryggleik og meistring**
Sikre tilgang til tryggleiksalarmar for alle som søkjer, og ta i bruk nettbrett i tenester som bustadretteiing og miljøarbeid
- **Styrke kunnskap og samarbeid om velferdsteknologi**
Gi god informasjon til innbyggjarane om tilgjengeleg teknologi, og vidareføre det interkommunale samarbeidet med dedikerte kontaktpersonar

2.3 Tidleg innsats og førebygging

Folkehelsa på Bokn er generelt sett god, men vi ser likevel teikn på at helsa fordeler seg ulikt i befolkninga. Å jamne ut desse forskjellane generelt sett, er difor hovudmålsettinga for folkehelsearbeidet lokalt, regionalt og nasjonalt, jf. «*Rullering av samfunnsdel av kommuneplanen for Bokn kommune 2018 - 2030*».

2.3.1 Folkehelse og førebygging

Sentrale mål: Regjeringa vil utvikle ein folkehelsepolitikk som gir alle moglegheit til å ta ansvar for eiga helse, med fokus på meistring og moglegheiter. Psykisk helse skal likestillast med fysisk helse. Det vert satsa på livsstils endringar og ein moderne eldrepolitikk med vekt på aktivitet og deltaking i eit aldersvenleg samfunn. Auka samhandling på tvers av sektorane skal fremme helse og trivsel, og helseomsyn skal få større plass i by- og lokalsamfunnsutviklinga.

Lokale mål: Bokn kommune har prioritert fleire sentrale område innan folkehelse, som styrking av psykisk helse hos barn og unge, helsefremjande tiltak for eldre, vidareutvikling av helseteam og etablering av sosiale møteplassar. Kommunen samarbeider med nabokommunar om Frisklivstilbod innan fysisk aktivitet, kosthald, røykeslutt og ulike kurs.

Det er lågterskel samtaletilbod for personar med psykiske utfordringar, og eit aktivitetstilbod for eldre som fremjar både fysisk og sosial helse. Bokn samarbeider med Karmøy innan barnevern og PPT, og fleire tilsette er sertifiserte i foreldrerettleiingsprogrammet COS-P.

I tråd med samhandlingsreforma har kommunen eit sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og samordna tenester for personar med samansette behov. Psykisk helseteneste blir løypande tilpassa for å møte nye krav.

Frivillig sektor blir sett på som ein viktig samarbeidspart, og det er utarbeidd ein eigen plan for samhandling mellom frivillig og offentleg sektor, *Plan samordning frivillig og offentleg sektor*, med mål om at fleire skal kunne bu lengre i eigen heim, då mellom anna gjennom frivilligheitas bidrag.

Utfordringsbilde: Årets Ungdata-undersøking viser at ungdom i Bokn stort sett har god trivsel, sterke relasjonar og lite psykiske plager. Samtidig ser ein tydelege utfordringar blant dei som fell utanfor, noko som kan få alvorlege konsekvensar.

Alkoholdebuten er lågare enn snittet nasjonalt, men haldningane til cannabis og andre rusmiddel blir meir positive – noko som aukar risiko for framtidig bruk. Politiet og kommunen er uroa over enkelte ungdomsgrupper, med auka rusrelaterte hendingar og vald. Det er viktig å styrke haldningsskapande arbeid og heve debutalderen for alkohol.

Kommunen har ikkje familierådgjevar, og helsesjukepleiar følgjer opp dette feltet. Frivillig innsats er ein viktig ressurs for ungdomsmiljø og trivsel, men treng stabil økonomisk støtte for å vere eit varig tilbod.

Tiltak og satsingsområde for folkehelse og førebygging:

- **Styrke kompetansen i tenestene**
Satse på vidareutdanning som master i avansert klinisk sjukepleie (AKS) og innføre BTI-modellen for å betre tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats
- **Utvikle helse- og meistringstilbod**
Vidareutvikle lærings- og meistringstilbod for store diagnosegrupper, oppretthalde Helseteam for eldre med oppfølging ved 75 og 85 år, og styrkje både individuelle og gruppebaserte førebyggjande tiltak
- **Fremje helse og førebyggje livsstilssjukdommar**
Fremje helsevenlege val og livsstil i alle aldersgrupper, heve alkoholdebuten og redusere rusbruk i befolkninga

- **Støtte sosial deltaking og sjølvhjelp**
Byggje opp sosiale nettverk for meistring i krevjande livssituasjonar og redusere sosial ulikskap i helse
- **Inkludere utsette grupper**
Styrkje tilgangen til arbeidsmarknaden for utsette grupper og arbeide for sosial utjamning

2.3.2 Tidleg innsats og samordna støtte til barn og unge

Sentrale mål: Gode oppvekstvilkår er avgjerande for god helse gjennom livet. Regjeringa vil førebyggje utanforskap og fråfall i vidaregåande skule gjennom tidleg innsats frå svangerskapet og oppover. Trass i at dei fleste barn veks opp i trygge forhold, er det mange som blir utsette for rus, vald, omsorgssvikt, psykisk sjukdom og familiekonfliktar.

Psykiske plager er ei stor folkehelseutfordring blant barn og unge. Om lag 15–20 % har redusert funksjonsevne på grunn av psykiske vanskar, ofte grunna belastningar som mobbing, overgrep, prestasjonspress og rus i familien. Vanlege lidningar er angst, depresjon og åtferdsproblem.

Lokale mål: Barn og unge skal ha ein trygg oppvekst med moglegheit for utvikling og god helse. Gode relasjonar til foreldre og vaksne i barnehage, skule og fritid skal bidra til meistring og eit positivt sjølvbilete. Bokn kommune vil styrke barn og unges robustheit og sikre tidleg oppdaging og rett hjelp.

Kommunen følgjer BTI-modellen for betre samarbeid mellom tenester, og helsestasjonen og skulehelsetenesta gir førebyggjande oppfølging – særleg til familiar i barsel- og småbarnsfasen.

Utfordringsbilete: Utfordringar hos barn og unge blir ofte oppdaga for seint. For å styrke robustheit og førebyggje problem, må vaksne bli betre på relasjonskompetanse og tydeleg kommunikasjon. Tilgang til tenester må forbetrast, og samarbeidet mellom tenester styrkast for å sikre heilskapleg oppfølging. Barn som pårørande må få ivaretatt sine rettar.

Fyrstelinetenesta bruker i dag mykje tid på individuell oppfølging, noko som svekker det universelle førebyggingsarbeidet. Samtidig viser Ungdata og elevundersøkinga at barn og unge i Bokn er nøgde med kultur- og fritidstilbod og opplever nærmiljøet som trygt – men mobbing ligg over landssnittet, og fleire kjenner seg einsame, jf. *Rullering av samfunns-delen av kommuneplanen i Bokn kommune 2018-2030*.

Tiltak og satsingsområde for barn og unge:

- **Styrke det førebyggjande arbeidet og tverrfagleg samarbeid**
Prioritere tidleg innsats og familieperspektiv, starte opp BTI-modellen og sikre betre samordning av tenester

- **Vidareutvikle helsestasjon og skulehelseteneste**
Implementere nasjonale retningslinjer og opptrappingsplanar, samt styrkje tilbod og kompetanse i tråd med Primærhelsemeldinga
- **Førebyggje vald og fremje tryggleik**
Iverksette tiltak frå handlingsplanen *Eit liv utan vald*, og tilby foreldrerettleiing (COS-P) via helsestasjon og barnehage
- **Byggje robuste barn og unge**
Vidareutvikle MOT-arbeidet, styrkje fagkunnskap blant tilsette og gjennomføre ny oppvekstplan

2.3.3 Frivillig innsats og deltaking – ein nøkkel i det førebyggjande arbeidet

Sentrale mål: I 2018 la regjeringa fram ein frivilligheitsmelding som ønsker ein frivillig sektor som veks frå grasrota og er mindre politisk styrt. Frivilligheits viktige samfunnsrolle vert anerkjent, og det vert lagt vekt på å legge til rette for open dialog, enklare regler og mindre byråkrati. Frivilligheits sjølvstendige posisjon i samfunnet vert og understreke.

Lokale mål: Frivillig innsats og deltaking er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet. Gjennom sosiale møteplassar og aktivitetar styrkjer ein fellesskap og meistring, noko som kan førebyggje einsamheit og betre livskvaliteten for alle aldersgrupper. Kommunen ser på frivillig sektor som ein verdifull samarbeidspartnar, og ønskjer å leggje til rette for eit inkluderande sivilsamfunn som utfyller offentlege tenester og bidreg til å redusere behovet for meir omfattande hjelp.

Utfordringsbilete: Færre deltar i frivillig arbeid. Koordinering, samordning og forenkling av samarbeid mellom kommunen og frivilligheita kan bli betre.

Tiltak og for samarbeid med frivillig sektor:

- **Styrkje strukturert samarbeid med frivillige**
Følge opp *Plan for samordning med frivillig sektor (2021)*, og inngå skriftlege avtalar der det er naturleg
- **Byggje relasjonar og medverknad**
Styrkje dialog og samhandlingsrutinar med lag og organisasjonar, og invitere frivillige til aktiv deltaking og medverknad
- **Utforske nye samarbeidsformer**
Vurdere koordinatorfunksjon mellom frivillig sektor og kommunen, og sjå om delar av hjelpebehov kan dekkast av frivillige aktørar

2.3.4 Kvardagsrehabilitering som førebyggjande tiltak

Sentrale mål: Kvardagsrehabilitering fokuserer på brukarens meistringsevne i daglege aktivitetar, uansett funksjonsnivå, med vekt på brukarstyring og eigen innsats.

Tverrfagleg tidleg innsats skal hjelpe heimebuande til å oppretthalde sjølvstende og livskvalitet.

Lokale mål: Å tilby tilpassa rehabilitering både heime, i nærmiljø og i institusjon, slik at brukaren blir aktivt med i eigen rehabilitering og kan meistre helseutfordringar betre.

Utfordringsbilde: Kommunen får fleire eldre med helseproblem knytt til livsstil, sosiale forhold og samfunnsfaktorar.

Tiltak og satsingsområde:

- **Styrkje kompetanse og arbeidsmetodar**
Auke kunnskap og bevisstheit blant tilsette om kvardagsrehabilitering som tilnærming i tenestene
- **Utvikle system og samarbeid med fokus på brukaren**
Vidareutvikle tverrfagleg rehabiliteringsteam, og etablere gode rutinar og samhandlingsformer som fremjar brukarmedverknad og meistring i kvardagen

2.4 Koordinerte tenester og heilskapleg pasientforløp

2.4.1 Legetenester

Nasjonale mål: Fastlegeordninga skal sikre alle tilgang til nødvendige allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid. Alle innbyggjarar i Noreg skal ha ein fast lege å forhalda seg til, og kommunane har ansvar for å tilby forsvarlege legetenester til alle som oppheld seg i kommunen.

Lokale mål: I Bokn kommune er målet å ha ei fastlegeordning som er stor nok til å dekke behovet til innbyggjarane, samtidig som ho er stabil og attraktiv som arbeidsplass. Kommunen har i dag ein fast tilsett lege i 100 % stilling, som dekker legekontor, sjukeheim, helsestasjon og kommuneoverlegefunksjonen, samt at han inngår i inter-kommunal legevakt.

Utfordringsbilde: Nasjonalt er det fastlegekrise med høg arbeidsbelastning og rekrutteringsvanskar, særleg i små kommunar. Bokn har hatt fast lege over tid, men er sårbar med berre éin lege. Behovet for allmennlegekompetanse aukar med nye oppgåver frå Samhandlingsreforma. Dagens lege har 650 pasientar i 50 % stilling, noko som kan bli for mykje i høve til nasjonale anbefalingar. Bokn har ein godt organisert fastlegeteneste, men tenesta er sårbar på grunn av storleik og auka oppgåvemengde.

2.4.2 Tildeling og koordinering av tenestene

Sentrale mål: Alle brukarar av helse- og omsorgstenester skal få heilskaplege pasientforløp og koordinerte tenester.

Lokale mål: Kommunen skal, gjennom tverrfaglege vurderingar, tilby praktisk hjelp, omsorg og livshjelp tilpassa individuelle behov. Tenestene skal vere prega av respekt, medverknad og bruk av rett kompetanse til rett tid og på rett stad.

Utfordringsbilete: Forvaltningsoppgåvene har blitt fleire og meir komplekse, og det er utfordrande å sikre tilstrekkeleg kompetanse i saksbehandling. Helsepersonell blir brukt til administrative oppgåver framfor helsefagleg arbeid. Verktøy som *Individuell plan* blir i for liten grad nytta, og dagens tradisjonelle tenestemodell må tilpassast ein ny brukargruppe som er yngre, meir mobile og har behov for meir fleksible og polikliniske tenester.

Tiltak for koordinering og individuell plan:

- **Styrke tilbod om individuell plan (IP) og koordinator**
Gi fleire som oppfyller kriteria tilbod om individuell plan (IP), samtidig som det blir gitt koordinatorstøtte uavhengig av om IP ønskes eller ikkje
- **Implementere retningslinjer for koordinering**
Koordinerande eining skal sørge for at utarbeidde retningslinjer blir følgt og implementert i praksis

2.4.3 Habilitering og rehabilitering

Sentrale mål: Rehabiliteringstenestene skal ha rett kapasitet, kompetanse og kvalitet etter befolkninga sitt behov. Personar med behov for koordinerte tenester skal få heilskapleg oppfølging, og alle med rett til individuell plan (IP) skal få koordinator.

Lokale mål: Bogn kommune skal tilby gode rehabiliteringstenester gjennom fysioterapi, ergoterapi og tverrfagleg samarbeid. Fokus er på funksjonsvedlikehald, førebygging, meistring og kvardagsrehabilitering. Eldre får tilbod som balansegrupper for å førebyggje fall.

Utfordringsbilete: Kommunen møter meir komplekse rehabiliteringsbehov. Kvardags-rehabilitering er ikkje fullt implementert og krev endra arbeidsmåtar. Tap av statlege tilskot krev at kommunen finansierer rehabiliteringstenestene sjølv.

Tiltak for styrking av habilitering og rehabilitering:

- **Styrking av fysioterapi- og vaktmeisterressursar**
Kommunen har i dag ein ergoterapi i 30% stilling, og ein kommunalt tilsett fysioterapi i 75% stilling. Det er ei målsetting å auke fysioterapeutressursane til ein 100% stilling på sikt. Det er og viktig å sikre tilstrekkeleg vaktmeisterkapasitet for utkøyring og reparasjon av hjelpemiddel. Dette er avgjerande for å gi eit heilskapleg helse- og omsorgstilbod på eit lågast mogleg kostnadsnivå
- **Auka ansvar for hjelpemiddel**
NAV har varsla at kommunane i framtida vil få meir ansvar for formidling,

vedlikehald og reparasjon av hjelpemiddel. Kommunen må derfor ruste seg for å handtere desse oppgåvene effektivt

- **Bruk av velferdsteknologi**

Der det er hensiktsmessig, skal kommunen ta i bruk velferdsteknologiske løysingar for å styrkje tenestetilbodet og auke brukartryggleiken

2.4.4 Demens

Sentrale mål: *Demensplan 2025* skal styrke tilbodet til personar med demens og deira pårørande gjennom tidleg diagnose, betre omsorg, auka kompetanse, støtte til pårørande, fleire tilrettelagde bustader og betre samhandling mellom helse-, sosial- og frivillig sektor for ei meir heilskapleg demensomsorg.

Lokale mål: Bogn kommune skal utvikle ei samanhengande demensomsorg med tryggleik og føreseielegheit for brukarar og pårørande. Fokus er på tilpassa bustader, heimebaserte tenester, velferdsteknologi, samarbeid med frivillig sektor og vidareutvikling av dagtilbod og støtte til pårørande.

Utfordringsbilete: Demensførekomsten vil auke i takt med befolkningsveksten. Det er behov for fleire tilrettelagde bustader og alternative løysingar til institusjon. Pårørande er ofte sterkt belasta, og dagtilbodet for personar med kognitiv svikt må styrkjast og oppretthaldast.

Tiltak og satsingsområde for demensomsorg:

- **Styrkje kompetanse og fagmiljø**

Auke kompetansen blant tilsette, blant anna gjennom utdanning i avansert klinisk sjukepleie (AKS), og opprette demensteam leia av demenskoordinator

- **Satsing på ernæring og måltid**

Halde fram med ernæringscreening for heimebuande og leggje til rette for gode måltidsopplevingar i tenestene

- **Styrkje samarbeid og samhandling**

Vidareutvikle samarbeidet med spesialisthelsetenesta, demensforeining, frivillige og lokale lag for å sikre tidleg diagnose, pårørandestøtte og gode aktivitetstilbod

- **Ta i bruk velferdsteknologi**

Innføre relevante teknologiske løysingar som støttar tryggleik, meistring og kvardagsliv for personar med demens

2.4.5 Kreftomsorg og palliativ behandling ved slutten av livet

Sentrale mål: Regjeringa ønskjer ei meir brukarorientert kreftomsorg, med fokus på førebygging, tidleg innsats og auka livskvalitet for pasientar og pårørande. Palliasjon skal lindre liding og styrke livskvaliteten ved alvorleg sjukdom, gjennom god symptomlindring, støtte og tverrfagleg samarbeid.

Lokale mål: Bogn kommune skal tilby kunnskapsbasert og verdig omsorg ved alvorleg sjukdom og livets slutt. Målet er god symptomlindring og tryggleik for både pasientar og pårørande, gjennom god organisering og respektfull oppfølging.

Utfordringsbilete: Auka tal på krefttilfelle og meir samansette pasientbehov gir press på kommunale tenester. Rehabilitering og livsforlengande behandling krev både ressursar og kompetanse. Fleire pasientar ønskjer heimebasert palliativ behandling, noko som krev styrkt sjukepleiefagleg innsats.

Tiltak og satsingsområde for god kreftomsorg og palliasjon:

- **Styrkje kompetansen i palliasjon og smertelindring**
Gjennomføre fagdagar og kurs (lokalt og digitalt) for å vedlikehalde og auke tverrfagleg kompetanse, med særleg vekt på sorgarbeid, symptomlindring og kreftomsorg
- **Utvikle tilbod for læring og meistring**
Etablere lokale eller interkommunale tilbod som støttar pasientar og pårørande i å meistre kvardagen med alvorleg sjukdom
- **Tidleg og koordinert oppfølging**
Sikre tidleg kontakt med ressursssjukepleiar, som fungerer som bindeledd mellom pasient, pårørande og helsetenester, og vurdere etablering av eit tverrfagleg palliativt team
- **Individuelt tilpassa støtte**
Tilby naudsynt hjelp for at pasientar kan leve eit aktivt liv og for at pårørande får støtte i både sjukdomsforløpet og sorgprosessen
- **Respekt for pasientens ønsker**
Legge til rette for forhands samtaler og sikre at den som ønsker å døy heime får moglegheit til det, så langt det er forsvarleg

2.4.6 Rus og psykisk helse

Sentrale mål: Regjeringa vil styrke den psykiske folkehelsa og redusere sosiale forskjellar. Tenestene skal vere tidleg ute, lett tilgjengelege og godt koordinerte for dei som treng det. Innafor rusfeltet er målet heilskaplege og tilpassa tenester med vekt på behandling, bustad, arbeid og sosial deltaking. Brukar- og pårørandebhov skal vere styrande.

Lokale mål: Bogn kommune skal styrkje tverrfaglege og koordinerte tenester som fremjar meistring i kvardagen og i arbeid. Det skal satsast på førebygging, tidleg innsats og tiltak som fremjar sosial kompetanse og nettverk.

Utfordringsbilde: Psykiske plager, særleg blant unge jenter, aukar. Unge menn fell oftare utanfor arbeid og fell inn i isolasjon. Etterspurnaden etter hjelp aukar, og tidleg innsats er avgjerande. Kommunen får auka ansvar frå spesialisthelsetenesta og treng meir kompetanse og ressursar for å møte behova.

Tiltak og satsingsområde for psykisk helse og rus:

- **Styrkt brukarmedverknad og individtilpassing**
Tenestene skal i større grad vere brukarstyrte og tilpassa individuelle behov, med fokus på medverknad i utforming og gjennomføring av tilbodet
- **Tidleg innsats og førebygging**
Personar i risikosona for psykisk sjukdom eller rusproblem skal fangast opp tidleg. Psykisk helse skal vere ein naturleg del av folkehelsearbeidet, med låg terskel for hjelp og støtte
- **Eit heilskapleg og tilgjengeleg tenestetilbod**
Alle skal møte eit variert, samordna og tilgjengeleg hjelpeapparat som gir støtte på tvers av tenestenivå og livssituasjon
- **Aktiv og meiningsfull kvardag**
Kommunen skal bidra til å skape arenaer og tilbod som fremjar deltaking, meistring og livskvalitet for personar med psykiske helseutfordringar
- **Kompetanse og kvalitet i tenestene**
Det skal satsast på kompetanseheving og fagutvikling for å møte framtidens behov innan psykisk helse og rusfeltet.

2.4.7 Unge brukarar med samansette behov

Sentrale mål: Fleire unge under 30 år skal i arbeid eller utdanning, og færre på stønad. Tidleg, individuell og arbeidsretta oppfølging skal hindre utanforskap og langvarig fråvær frå arbeidslivet. God samordning mellom kommunale tenester er avgjerande.

Lokale mål: Bogn kommune skal ha oversikt over ungdom i målgruppa, og bidra til at dei lukkast i skule og arbeid gjennom tett samarbeid. Tilsette skal vere aktive, engasjerte og oppsøkjande.

Utfordringsbilete: Ein veksande del unge med samansette behov står utan utdanning og arbeid, og risikerer sosial isolasjon og låg meistring i kvardagen.

Tiltak for å få fleire unge i arbeid og aktivitet:

- **Systematisk kartlegging og samarbeid med NAV**
Kommunen skal ha oversikt over ungdom i målgruppa og samarbeide tett med NAV for tidleg innsats
- **Styrka tverrsektorielt samarbeid**
Opprette faste møteplassar for samarbeid mellom kommunale einingar, statlege instansar og frivillig sektor
- **Auka merksemd på unge uføre**
Utanforskap blant unge skal setjast på dagsorden i kommunen og vere ein prioritet i planarbeid og tenesteutvikling

- **Samarbeid med næringslivet**
Invitere lokalt næringsliv med på laget for å tilby arbeidstrening og aktivitet for ungdom
- **Rettleiing og meistring i kvardagen**
Gi praktisk opplæring og støtte gjennom bu-rettleiing og miljøarbeidstenester for å styrke ungdom sin eigen meistring
- **Betre koordinering og individuell oppfølging**
Utvikle betre system for samordna tenester, med bruk av individuell plan og etablering av ansvarsgrupper der det trengst

2.4.8 Menneske med funksjonsnedsetting

Sentrale mål: FN-konvensjonen frå 2006 slår fast at alle menneske har lik verdi, uavhengig av funksjonsevne, og har rett til like moglegheiter og deltaking. Norge ratifiserte konvensjonen i 2013 og forpliktar seg til likestilling, sjølvråderett og likeverd. Politikken skal sikre inkluderande opplæring, arbeid, helse, eigen bustad og kompetanseheving, slik at alle kan delta i arbeidslivet. Dei som ikkje kan arbeide på grunn av sjukdom, skal få offentleg støtte.

Lokale mål: Leggje til rette for gode levekår, sjølvråderett og deltaking for personar med nedsett funksjonsevne eller psykisk utviklingshemming. Sikre deltaking på sosiale arenaer i kommunen eller andre stader etter behov.

Utfordringsbilete: Bustadtilbodet er avgrensa med tre tilrettelagde bustadar i Bokn. Kommunen har ikkje fått klager, men nokre kan utsetje flytting på grunn av manglande tilbod. Arbeid- og aktivitetstilbod er lite differensiert og hovudsakleg bygd på diagnosegrupper. Kommunen kjøper plassar frå Solstein og Uni-K for å dekke individuelle behov.

Tiltak for personar med funksjonsnedsetting:

- **Fleksible bustadløyningar**
Leggje til rette for kjøp av eigen bustad med støtte frå Husbanken.
- **Kompetanseheving**
Auka fagleg kompetanse hos tilsette i tenesta.
- **Individuelt tilpassa tenester**
Tilby løyningar som tek omsyn til brukarens behov og livssituasjon.

2.4.9 Flyktingtenesta

Sentrale mål: Regjeringa vil sikre god integrering og inkludering av flyktingar gjennom tidleg og heilskapleg innsats, styrka arbeidsinnsats og norskopplæring, auka kommunalt ansvar, støtte til barn og unge, motverke utanforskap, auka mottakskapasitet og betre samordning av asyl- og integreringstenester.

Lokale mål: Kommunen skal gi flyktningane ein god start og leggje til rette for at dei kan delta i arbeid, utdanning og sosialt liv. Dette skjer i tett samarbeid med statlege myndigheiter, frivillige og lokalsamfunnet.

Utfordringsbilete: Kommunen møter fleire utfordringar i arbeidet med integrering. Mange flyktningar treng helsehjelp, spesielt innan psykisk helse, og har behov for språk- og arbeidskvalifisering, i eit arbeidsmarked som allereie er pressa. Det er òg ein risiko for utanforskap, særleg blant barn og unge, dersom det ikkje blir lagt til rette for deltaking i skule, fritid og nærmiljø. God samordning og samarbeid med frivillige og statlege aktørar er avgjerande for å lukkast.

Tiltak for integrering av flyktningar:

- **Arbeid og utdanning**
Auke deltaking gjennom praksisplassar, arbeidstrening og samarbeid med lokale bedrifter. Tilby arbeidsretta språk- og opplæring på arbeidsplassen for betre meistring og overgang til jobb
- **Norskopplæring og digitale løysingar**
Sikre tilpassa norskopplæring, inkludert bruk av digitale plattformer, for å styrke språkferdigheiter og sjølvstende i kvardagen
- **Sosial integrering og inkludering**
Skape møteplassar og aktivitetar som fremjar samhandling mellom flyktningar, lokalsamfunn og skule, med særleg fokus på born og unge
- **Heilskapleg støtte og buforhold**
Gi tverrfagleg støtte innan bustad, helse, utdanning og sosialt liv, og leggje til rette for trygge og stabile buforhold som fremjar integrering
- **Motverke diskriminering og evaluering**
Arbeide aktivt mot rasisme og diskriminering gjennom opplæring og informasjonsarbeid, samtidig som integreringsarbeidet kontinuerleg evaluerast og forbetrast i samarbeid med flyktningar

2.5 Pasient- og brukartryggleik

2.5.1 Brukarmedverknad

Brukarmedverknad betyr at enkeltpersonar og grupper har rett til å delta og påverke i avgjerdsprosessar, og at innbyggjarane sjølv er med på å planleggje framtida si. Når brukaren kan påverke omgjevnadene gjennom eigne val, styrker det motivasjonen og har terapeutisk effekt. Prinsippet er at ingen avgjerder om pasienten blir tatt utan pasienten sjølv.

Familieomsorga utgjer om lag 100 000 årsverk nasjonalt. Det vert jobba for system som synleggjer og støttar pårørande, med fleksible tiltak som let dei meistre krevjande omsorgsoppgåver. Målet er betre samarbeid mellom offentleg og privat omsorg, og å oppretthalde pårørandeomsorga på dagens nivå.

2.5.2 Kvalitet og pasienttryggleik

Sentrale mål: Helse- og omsorgstenestene skal sikre at brukarane får dekkja grunnleggjande behov med respekt for sjølvråderett og eigenverd. Pasientsikkerheitsprogrammet skal redusere skadar, styrkje kultur for sikkerheit og sikre varig kvalitetsarbeid.

Lokale mål: Kvalitet i Bokn kommune sikrast gjennom internkontroll, med tydelege mål, verdiar og etiske retningslinjer som styrer møtet med pasientar og pårørande.

Utfordringsbilete: Auka krav og fleire med komplekse behov gjer at kommunen må sikre forsvarleg oppfølging etter tidleg utskriving. Dette krev høg kompetanse, fokus på pasientsikkerheit og samanheng mellom etikk, kvalitet og brukarrettar.

Tiltak for kvalitet og kompetanse i tenestene:

- **Retts kompetanse og tverrfaglegheit**
Sikre at tilsette har relevant kompetanse og leggje til rette for samarbeid på tvers av fagområde for best mogleg tenestekvalitet
- **Brukar- og pårørandeundersøkingar**
Gjennomføre systematiske undersøkingar for å fange opp behov og erfaringar, og bruke dette til å utvikle og betre tenestene
- **Etisk medvit blant tilsette**
Jobbe kontinuerleg med å auke tilsette si bevisstheit rundt etiske utfordringar i arbeidet for å sikre rettferdige og respektfulle tenester
- **Oppdatering av rutinar og system**
Sikre systematisk ajourhald av rutinar, internkontroll og avvikshandtering for god informasjonsoverføring og trygg drift

2.6 Bustad som grunnlag for meistring og gode tenester

Bokn kommune er prega av spreidd busetting, med ein bustadmasse dominert av einebustader og få leilegheiter, særleg for eldre. Det finst få ledige bustadar, og for mange er det utfordrande å finne tilgjengelege og rimelege bustader å kjøpe. Nokre leilegheiter står ledige, men prisnivået gjer dei utilgjengelege for mange. Mange eldre bur i einebustad, og flyttar først til omsorgsbustad eller sjukeheim når behovet for hjelp er stort.

Ei lokal kartlegging viser at stadig fleire eldre gjer tilpassingar i eigen bustad for å kunne bu heime lengre, men det er også eit tydeleg behov for fleire sentrumsnære og lettstelte overgangsbustader. Slike bustader gjer kvardagen enklare og meir sosial for den enkelte, samtidig som kommunen kan bruke meir tid på pleie og oppfølging, og mindre på transport. Overgangsbustader bidreg òg til at eldre held seg lengre sjølvstendige, med lågare risiko for fall og redusert behov for tenester.

Kommunen har òg kjennskap til at det finst vanskelegstilte på bustadmarknaden, men av omsyn til personvern og låg folketal blir desse gruppene ikkje talfesta. Behov og innsikt er likevel vurdert og ligg til grunn for dei strategiane og tiltaka som blir foreslått. For å møte både dagens og framtidige behov, er det viktig å legge til rette for meir varierte og tilgjengelege bustadtypar gjennom kommuneplan og andre aktuelle verkemiddel.

Bustaden er meir enn ein fysisk stad å bu – han er ein føresetnad for tryggleik, meistring, helse og deltaking i samfunnet. Eit godt og tilpassa bustadtilbod er derfor eit viktig grunnlag for å møte behova til både eldre, barnefamiliar og vanskelegstilte. Bokn kommune legg vekt på å utvikle bustadpolitikken i tett samanheng med helse- og omsorgstenestene, og arbeider for at flest mogleg kan bu trygt og godt i eigen heim så lenge som mogleg. Dette kapitelet presenterer mål, utfordringar og tiltak som skal bidra til ein berekraftig og inkluderande bustadpolitikk i kommunen – der ulike behov blir møtt med fleksible og framtidsretta løysingar.



Foto: Armand Svensen

Sentrale mål: Regjeringa si bustadmelding "*Alle trenger et trygt hjem*" (Inst. 327 S (2023–2024)) og *Bu trygt heime-reforma* dannar det nasjonale rammeverket for arbeidet med bustad og førebygging i kommunane. Målet er at alle skal ha tilgang til gode, rimelege og tilpassa bustader, og at ingen skal falle utanfor bustadmarknaden. Bustad blir sett på som ein grunnleggande del av velferdstilbodet.

Reforma *Bu trygt heime* legg til rette for at eldre kan bu trygt og godt i eigen heim så lenge som mogleg. Dette skal skje gjennom betre planlegging, førebygging, bustadtilpassing og samhandling. Reforma bygg vidare på innsatsane frå *Leve heile livet*-reforma (2018–2023) og har fire innsatsområde:

- Levande og aldersvennlege lokalsamfunn
- Bustad og bustadtilpassing
- Tryggleik og støtte til brukarar og pårørande
- Kompetente medarbeidarar og tverrfagleg samarbeid

Samtidig er det eit overordna prinsipp at bustad er eit personleg ansvar, medan det offentlege skal legge til rette for eit tilgjengeleg og variert bustadtilbod.

Lokale mål: Bokn kommune har som mål å leggje til rette for at innbyggjarane skal kunne bu trygt og godt i alle livsfasar, og at flest mogleg kan bu lengst mogleg i eigen heim. Kommunen skal tilby rett hjelp til rett tid, basert på det som er viktig for den enkelte. Tenestene skal tilpassast brukaren sine behov, både i form, innhald og tidspunkt, og gi større valfridom og medverknad.

For å møte behova i befolkninga ønskjer kommunen å utvikle eit meir variert og tilgjengeleg bustadtilbod, med særleg vekt på sentrumsnære og lettstelte bustader for eldre – såkalla overgangsbustader. Desse skal vere eit alternativ for dei som ikkje lenger ønskjer eller klarer å bu i einebustad, men som heller ikkje har behov for kommunale omsorgsbustader. Slike bustader vil bidra til auka livskvalitet, sosial deltaking og tryggleik for den enkelte, samtidig som det gir meir berekraftig bruk av kommunale helse- og omsorgstenester.

Kommunen skal også bidra til at vanskelegstilte kan gå frå midlertidig til varig bustad, og førebyggje utkasting gjennom oppfølging i heimen. Det er eit mål å styrke samordninga mellom bustadpolitikken og helse- og omsorgstenestene, og jobbe tverrfagleg med førebygging, tidleg innsats og sosialt berekraftige bu- og nærmiljø.

Utfordringsbilde: Bokn kommune er prega av spreidd busetting og ein bustadstruktur dominert av einebustader og bustader knytt til gardsbruk. Det er få leilegheiter og få rimelege bustader, noko som gjer det vanskeleg både for unge, eldre og vanskelegstilte å etablere seg. Nokre leilegheiter står ledige, men desse er for mange økonomisk utilgjengelege.

Kommunen har ikkje høve til å talfeste vanskelegstilte på bustadmarknaden, men har kjennskap til at behovet finst, og vurderer dette som ein viktig del av planlegginga. Bokn har heller ikkje klart å samordne bustad- og tenestetilbodet godt nok, og fleire av dei kommunale utleigebustadene held framleis låg standard.

For eldre er det spesielt utfordrande å finne overgangsbustader som ligg sentralt, er lettstelte og tilrettelagde. Mange bur i einebustad langt frå tenester og fell utanfor sosiale møteplassar. Erfaring viser at dei som flyttar til sentrale leilegheiter får enklare kvardag, betre livskvalitet og at kommunen får meir effektive tenester, til dømes gjennom mindre transportbehov og færre fallskadar.

Det er også organisatoriske utfordringar: Leigeinntekter frå kommunale bustader går inn i budsjettet til teknisk eining, noko som gjer det vanskeleg å prioritere oppgradering ved behov.

For å nå både dei nasjonale og lokale måla for bustadpolitikken, må Bokn kommune arbeide målretta og samordna med bustadplanlegginga. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at det finst eit variert og tilgjengeleg bustadtilbod som møter

behova til ulike grupper i befolkninga – frå ungdom og barnefamiljar til eldre og personar med behov for tilrettelagte bustader.

Tiltaka som er tatt med i planen er baserte på innspel frå arbeidsgruppa og prosessmøte i samband med revisjon av helse- og omsorgsplanen, og speglar både faglege vurderingar og lokal kunnskap. Desse skal bidra til ei meir heilskapleg, sosialt berekraftig og framtidsretta bustadutvikling i Bokn.

Tiltak - Strategisk bustadplanlegging og bu-tryggleik:

- **Leggje til rette for variert og tilgjengeleg bustadtilbod**
Utvikle rimelege og lett omsettelege bustader som gir inngang til bustadmarknaden for unge, og leggje til rette for at ungdom kan flytte tilbake til heimbygda. Tilby valfridom mellom einebustad og leilegheit for førstegongsetablerarar
- **Styrke bustadtilbodet for eldre**
Bygge lettstelte og sentrumsnære leilegheiter, vurdere bukollektiv som del av bustadtilbodet, og bruke støtteordningar for å tilpasse eksisterande bustader. Fortsetje kartlegging av bustadbehov og ønskje blant eldre
- **Bruke reguleringsplanar aktivt som verktøy**
Stille tydelege krav i reguleringsplanar for å sikre fagleg forankra utvikling, og påverke private aktørar i retning av ønskte bustadtypar og løysingar
- **Styrke informasjon og økonomisk rettleiing til innbyggjarar**
Informere om støtteordningar og gi rettleiing om korleis ein kan søkje økonomisk hjelp til bustadtilpassing for å kunne bu lengre heime
- **Tilby tilpassa og fleksible tenester i heimen**
Sikre individuelle og tilstrekkelege tenester som gjer det mogleg å bu lengre i eigen bustad
- **Vidareutvikle Boknatun som moderne helsehus**
Bygge om og renovere Boknatun til eit moderne helsehus med samlokaliserte helsetenester og gode fasilitetar som gjer helsearbeidsplassen meir attraktiv
- **Støtte finansieringsløysingar for etablerarar**
Arbeide for betre og meir tilgjengelege finansieringsløysingar for unge og førstegongsetablerarar

2.7 God økonomistyring og ressursforvaltning

Effektiv og ansvarleg økonomistyring er avgjerande for at kommunen skal kunne tilby trygge, gode og berekraftige helse- og omsorgstenester til alle innbyggjarar. Ved å forvalte økonomiske ressursar på ein målretta og oversiktleg måte, legg vi til rette for prioriteringar som sikrar best mogleg kvalitet og effekt i tenestene innanfor dei økonomiske rammene vi har.

God økonomistyring handlar ikkje berre om å halde budsjett, men også om å bruke midlane klokt, med fokus på langsiktig planlegging og heilskapleg ressursutnytting.

Dette gir rom for investeringar i kompetanseheving, teknologi og andre satsingsområde som kan føre til betre pasient- og brukartryggleik, meir meistring og meir effektiv drift.

Gjennom tett samarbeid mellom økonomileiinga, fagmiljø og politiske styringsorgan skal vi sikre at ressursane blir brukte på ein måte som gir best mogleg verdi for innbyggjarane, samtidig som vi legg til rette for ein god arbeidskvardag for dei tilsette.

For å sikre berekraftige og effektive helse- og omsorgstenester er det ikkje nok med god økonomistyring aleine. Det krev også sterk og målretta leiing, rett kompetanse og gode arbeidsvilkår. Under følgjer ei nærmare omtale av desse viktige områda som påverkar korleis ressursane blir brukt og utvikla i kommunen.

2.7.1 Leiing

Sentrale mål: Stortingsmelding 29 «*Morgondagens omsorg*» og «*Omsorg 2020*» krev at kommunane fornyar seg med høgare kompetanse, nye arbeidsformer og tverrsektorielt samarbeid. God leiing er avgjerande, og ei ny forskrift gir leiinga ansvar for planlegging og evaluering av tenestene.

Lokale mål: Helse- og omsorgstenesta i Bokn kommune skal vere prega av fornying og innovasjon, og leggje vekt på heilårsarbeid, rekruttering og kompetansebygging. Målet er å utvikle ei fleksibel og robust teneste der rett kompetanse vert brukt på rett plass, i tråd med framtidige behov.

Utfordringsbilete: Det vert sjeldan stilt krav om formalkompetanse for leiarar i helse- og omsorgstenesta, trass i at mellomleiarar har omfattande og komplekse ansvarsområde. Behovet for administrativ tid er stort, og stadig endra krav til kvalitet og dokumentasjon gjer at kommunen må arbeide systematisk og kontinuerleg med kvalitetsforbetring.

Tiltak og satsingsområde innanfor leiing:

- **Samhandling om retningslinjer og forvaltning på tvers av einingane**
Godt samarbeid sikrar felles forståing og effektiv forvaltning på tvers av tenestekområde
- **Styrkje formalkompetanse hos mellomleiarar**
Kompetente mellomleiarar er avgjerande for god leiing og utvikling av tenestene
- **Utvikle gode leiarar og dyrke fram talent**
Gjennom målretta utvikling og oppfølging byggjer vi sterke leiarar for framtida
- **Vurdere organisering av tenestene**
Evaluering og tilpassing av organiseringa kan gi betre ressursutnytting og tenestekvalitet

2.7.2 Kompetanse og rekruttering

Sentrale mål: Sikre ei berekraftig omsorgsteneste med høg kvalitet gjennom fagleg omstilling, auka kompetanse og nye arbeidsmetodar som møter framtidens behov.

Lokale mål: Bokn kommune skal ha rett kompetanse til rett tid ved god personalplanlegging og oppdatert kompetanseplan. Tiltak for å rekruttere og behalde tilsette inkluderer lønnsheving for fagarbeidarar og sjukepleiarar for å styrke fagkompetansen.

Utfordringsbilete: Kommunen slit med rekruttering og stabil bemanning, særleg til fagarbeidar- og sjukepleiarstillingar. Få søkjarar og ønskje om fleksible stillingsstorleikar gjer det vanskeleg å stille krav om vidareutdanning, noko som krev målretta innsats for å sikre fagleg forsvarleg drift.

Tiltak for å sikre kompetanse og rekruttering:

- **Sikre alltid lærlingplass i tenesta og oppretthalde kunnskapsbasert praksis.**
Dette gir kontinuerleg rekruttering av nye fagfolk samtidig som praksisen held høg fagleg standard basert på nyaste kunnskap
- **Satse på å behalde eksisterande kompetanse ved bruk av løn som eitt av fleire verkemiddel.**
Attraktive lønsordningar saman med andre tiltak skal motivere og halde på viktig fagpersonell i kommunen
- **Ha system for å sikre at tenesta bygger på oppdatert forskning og kunnskap, og omset dette i praksis lokalt.**
Gjennom systematisk arbeid skal kommunen sikre at behandling og tenester er i tråd med ny vitskap og beste praksis

2.7.3 Heiltidskultur

Sentrale mål: Forsking viser til at det er samanheng mellom stillingsstorleik og kvalitet og effektiv tenesteyting, nærvær og eit godt arbeidsmiljø. Det er eit mål at helse- og omsorgspersonell har ein jobb å leve av.

Lokale mål: I Bokn kommune sine retningslinjer, er det eit mål om at ingen stillingar skal vere mindre enn 50%, med unntak av studentstillingar. I helse- og omsorg arbeider ein for heiltidskultur, og at ein skal jobbe mot å ikkje ha stillingsstorleikar under 80%.

Utfordringsbilete: Helsetenesta er den eininga som har fleire tilsette som går i deltidstillingar. Det er klare tilbakemeldingar på at stillingsprosent mellom 70% og 90% i stor grad er ynskja stillingsprosent blant dei deltidstilsette.

Tiltak og satsingsområde:

- Arbeide mot heiltidskultur

Målet er å auke gjennomsnittleg stillingsstorleik for dei som i dag går ufrivillig deltid, og i samarbeid med tillitsvalde vurdere kva stillingsprosent som skal lysast ut ved ledige stillingar for å fremje heiltidsstillingar

Del 3 Handlingsplan 2025 - 2031

Handlingsdelen i helse- og omsorgsplanen peikar ut fire prioriterte satsingsområde for planperioden: velferdsteknologi, førebygging, strategisk bustadsplanlegging og god økonomistyring og ressursforvaltning. Desse områda er valde fordi dei er avgjerande for å kunne oppretthalde og utvikle gode, berekraftige tenester i åra som kjem.

Vi må ta i bruk teknologi som støttar brukarar i å meistre kvardagen og gjer det mogleg for fleire å bu lengre heime. Samtidig må vi førebyggje meir for å reparere mindre – ved å avdekke behov tidleg og setje inn rett hjelp på rett tidspunkt. Vi må sikre god bustadsplanlegging, der både unge og eldre sine behov for eigna bustad og gode nærmiljø blir ivaretatt. Og vi må ha god økonomistyring og tilstrekkeleg personale med rett kompetanse for å møte stadig større og meir komplekse oppgåver.

Styrking av desse områda vil bidra til betre ressursbruk, der dei med størst behov får nødvendig hjelp. Tiltak og satsingar er konkretisert i del 2 av planen, og den enkelte eining skal spele inn aktuelle tiltak til kommunen si overordna handlingsplan.

3.1 Velferdsteknologi

Velferdsteknologi er eit viktig verktøy for å møte framtidens behov i helse- og omsorgstenestene. Med fleire eldre, fleire med kroniske sjukdommar og færre yrkesaktive, vil det bli krevjande å levere tenester på same måte som i dag. For å sikre at innbyggjarane i Bokn framleis får trygge, verdige og tilpassa tenester, må vi ta i bruk teknologiske løysingar som støttar opp under meistring, tryggleik og sjølvstende – og som samtidig gjer det mogleg å bruke ressursane våre smartare.

Velferdsteknologi kan gi store gevinstar – både for brukaren og for kommunen. For brukarar kan teknologien gi større fridom og tryggleik i eigen kvardag, og bidra til at fleire kan bu heime lenger. For kommunen kan teknologien føre til utsette eller unngått behov for meir omfattande tenester, som til dømes sjukeheimsopphald, ekstra bemanning eller innlegging i sjukehus.

Teknologi skal ikkje erstatte menneskeleg omsorg, men vere eit supplement som frigjer tid, aukar kvaliteten og gjer kvardagen betre – for både brukarar og tilsette. For å få dette til, må teknologiske løysingar vere trygge, brukarvennlege og godt integrerte i tenestene.

Bokn kommune skal difor satse målretta på opplæring og kompetansebygging innan velferdsteknologi – både for tilsette, brukarar og pårørande. Gjennom ei tverrfagleg arbeidsgruppe skal kommunen arbeide systematisk med å identifisere, teste og implementere relevante teknologiar, og vurdere effekt og gevinst av desse i kvardagen.

Velferdsteknologi er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit viktig middel for å gi betre tenester – med brukaren i sentrum.

3.2 Førebygging

Tidleg innsats og førebygging er sentrale grep for å sikre at innbyggjarane får rett støtte tidleg, før utfordringar veks seg store. Når vi klarer å fange opp behov tidleg og setje inn målretta tiltak, legg vi grunnlaget for betre helse og livskvalitet – og reduserer samtidig behovet for meir omfattande hjelp seinare.

Førebygging handlar både om å fremje god helse i befolkninga, å gi støtte til risikogrupper, og å hindre at situasjonen forverrar seg for dei som allereie har utfordringar. Det krev innsats frå fleire – og samarbeid mellom tenester, brukarar, frivillige og lokalsamfunn er avgjerande for å lukkast.

I Bokn kommune skal førebygging vere ein naturleg del av alle tenester, med fokus på meistring, ressursar og moglegheiter gjennom heile livsløpet. Vi vil styrke tverrfaglege tilbod innan læring og meistring, samarbeide tettare med frivillig sektor, og nå ut med informasjon og kunnskap på fleire arenaer.

3.3 Strategisk bustadsplanlegging

Strategisk bustadplanlegging er ein viktig del av arbeidet med å sikre gode livsvilkår for innbyggjarane i Bokn – både i dag og i framtida. Bustaden er meir enn berre ein fysisk stad å bu; han påverkar helse, tryggleik, livskvalitet og moglegheita til å leve eit aktivt og sjølvstendig liv.

For å møte framtidige behov må bustadpolitikken sjåast i samanheng med demografiske utviklingstrekk, endra brukarbehov og målet om at fleire skal kunne bu heime lengst mogleg. Det er i utgangspunktet eit personleg ansvar å skaffe seg bustad, men det offentlege har eit ansvar for å leggje til rette for at folk kan klare seg sjølve – og gi naudsynt hjelp til dei som treng det, med fokus på meistring og sjølvstende.

Ei god bustadsosial satsing krev langsiktig og heilskapleg planlegging – både når det gjeld lokalisering, utforming og tilpassing av bustader. Bokn kommune skal ha ein bustadstruktur som møter ulike behov gjennom heile livsløpet. Dette omfattar til dømes tilgjengelege bustader for eldre og personar med funksjonsnedsettingar, ungdomsbustadar, omsorgsbustadar og kommunale bustadar for vanskelegstilte.

Kommunen kan òg stimulere til private bustadprosjekt gjennom verkemidlar frå Husbanken, og bør jobbe for fleire bustader med livsløpsstandard. Strategisk bustadplanlegging handlar òg om å sikre gode nærmiljø og tilgang på nødvendige tenester – der folk bur.

I planperioden skal kommunen arbeide med betre organisering og tildeling av utleigebustadar, basert på individuelt behov, og på bustaden si utforming og plassering. Det skal vere tilstrekkeleg tilgang på bustadar for vanskelegstilte, og kommunen skal sikre god gjennomstrøyming ved å hjelpe bebuarar vidare over i private buformer. Dette arbeidet skal skje i tett tverrfagleg samarbeid, med koordinerande eining som ein sentral aktør.

Gjennom samspel mellom planlegging, tenesteutvikling, samarbeid med private aktørar og bruk av statlege verkemiddel, skal Bokn kommune leggje til rette for at fleire kan bu trygt og godt i eigna bustad – på eigne premiss.

3.4 God økonomistyring og ressursforvaltning

God bruk av både menneskelege og økonomiske ressursar er ein føresetnad for å kunne tilby trygge, rettferdige og berekraftige helse- og omsorgstenester – no og i framtida.

Kompetente og engasjerte medarbeidarar er den viktigaste ressursen i tenestene. For å møte aukande krav og behov, må Bokn kommune sikre tilgang på kvalifisert arbeidskraft gjennom målretta rekruttering, gode arbeidsvilkår og aktiv kompetanseutvikling. Bemanninga må styrkast – særleg med fleire sjukepleiarar – samtidig som vi legg til rette for å behalde den kompetansen vi allereie har. Ein langsiktig og oppdatert kompetanse-plan skal bidra til å utnytte ressursane på tvers av einingar og fagområde. Regjeringa sitt Kompetanseløft 2025 gir oss eit viktig rammeverk i dette arbeidet.

Samtidig er god økonomistyring avgjerande for å utvikle og oppretthalde tenestetilbodet. Effektiv og ansvarleg bruk av midlar gir kommunen høve til å prioritere tiltak som gir størst mogleg nytte for brukarane – og skaper tryggleik for både innbyggjarar og tilsette.

Gjennom strategisk planlegging, tydelege prioriteringar og klok ressursforvaltning skal Bokn kommune bygge helse- og omsorgstenester som er robuste, framtidsretta og tilpassa dei menneska dei er til for.



Foto: Tom-Inge Aksdal

Satsingsområde 2025 - 2027	Tiltak	Framdrift	Ansvarleg	Økonomi
Velferds- teknologi	Velferdsteknologiens ABC	2025 - 2031	Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift, og eventuelle tilskotsmidlar
	Kommunal tverrfaglig gruppe som arbeider med velferdsteknologi	Jamleg	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg Ressursperson i pleie/omsorg Fysioterapeut Teknisk (?) IKT	Finansiert over ordinær drift, og eventuelle tilskotsmidlar
	Implementering av velferdsteknologiske løysningar	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg Ressursperson i pleie/omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Gi opplæringstilbod i digital kunnskap	2025 - 2026	Kommunalsjef helse Kommunalsjef oppvekst	Finansiert over ordinær drift og evt. tilskotsmidlar
Førebygging	Opplysningsarbeid	Jamleg	Helsestasjon Psykisk helse Legetenesta Fysioterapitenesta Ergoterapitenesta Pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift, og eventuelle tilskotsmidlar
	Oppstart av betre tverrfagleg innsats (BTI)	2025 - 2026	Einingar i helse- og omsorg Einingar i oppvekst	Finansiert over ordinær drift
	Vidareutvikling friskliv, læring og meistring	Jamleg	Psykisk helse	Finansiert over ordinær drift
	Samhandling offentleg/frivillig sektor	2025 - 2031	Planavdelinga Sektorane (frivillig sektor)	Finansiert over ordinær drift, og tilskotsmidlar
	Helseteam for eldre	Jamleg	Kommunalsjef helse Ressursperson i avdeling helse	Finansiert over ordinær drift
	Lågterskeltilbod som balansetrening, Gla`trim, demensteam mm	Jamleg	Fysioterapeut Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Kvardagsrehabilitering	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Faste samarbeidsmøte med frivilligheita	2026 - 2031	Kommunedirektør Kommunalsjef oppvekst Kommunalsjef helse Teknisk sjef	Finansiert over ordinær drift

Satsingsområde 2025 - 2027	Tiltak	Framdrift	Ansvarleg	Økonomi
Strategisk bustads-planlegging	Koordinere helsekrav med areal- og bustadplanlegging	Jamleg	Avdeling teknisk ved planavdelinga Kommunalsjef helse Kommuneoverlege	Finansiert over ordinær drift, evt. utviklingsmidlar frå Statsforvaltar/ Helsedirektoratet
	Samarbeid om bustad for sårbare grupper	Jamleg	Kommunalsjef helse Teknisk v/planavdelinga	Finansiert over ordinær drift
	Rehabilitering og tilpasning av bustadar	Jamleg	Kommunalsjef helse Avdeling teknisk	Interne midlar Tilskotsordningar
	Rettleiing frå kommunen om eksterne midlar	Jamleg	Rådgjevar i kommuneadministrasjonen	Finansiert over ordinær drift
	Bu trygt heime-strategi (Leve heile livet)	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Tildele hjelp i heimen, slik at ein er i stand til å bu lengre heime	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
God økonomistyring og ressursforvaltning	Månadlege samarbeidsmøte mellom helse og økonomiavdelinga	Månadleg	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg Økonomiavdelinga v/leiar	Vert gjennomført ved den ordinære drifta
	Auke bruken av velferdsteknologi og digitale løysingar	2026 - 2027	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Systematisk arbeid med rett teneste – rett nivå – rett tid	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Ta i bruk Smartplan som verktøy for digital turnusplanlegging i helse- og omsorgstenestene	2025 - 2031	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Kompetanseplan	Årleg revisjon	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift
	Systematisk internundervisning og faglege møteplassar	Jamleg	Einingsleiar pleie- og omsorg Kommunalsjef helse	Finansiert over ordinær drift
	Vidareutdanning i avansert klinisk sjukepleie og andre nøkkelroller	2025 - 2029	Kommunalsjef helse Einingsleiar pleie- og omsorg	Finansiert over ordinær drift og tilskotsmidlar

4.0 Evaluering

Helse, livskvalitet og gode levekår er eit felles samfunnsprosjekt, der både enkeltpersonar og fellesskapet må ta ansvar for eiga helse og livssituasjon. Kommunen skal legge til rette med gode strukturar og ha nødvendig kompetanse og kapasitet til å gi nødvendige tenester til dei som treng det.

Arbeidsgruppa legg til grunn at tenestene i planperioden må drivast innanfor dagens rammer, utan rom for auka bemanning eller omfattande styrking. Eventuelle styrkande tiltak må skje på kostnad av andre områder, og nokon krev ekstra ressursar, som må avgjerast politisk eller administrativt.

Det er viktig for kommunen å utvikle struktur, organisasjon og kompetanse, særleg med tanke på auka utfordringar innan eldreomsorg som følge av befolkningsendringar. Dette inneber behov for auka kapasitet til utgreiing, prosessleiing og leiing generelt.

Helse- og omsorgsplanen for Bokn kommune har eit langsiktig perspektiv, og inneheld tiltak for planperioden. Kvar eining skal konkretisere innsatsen gjennom eigne tiltak, i tråd med overordna mål og dei utfordringane som er skildra i planen. Oppfølging skjer gjennom årlege tilstandsrapportar, som blir ein del av årsmeldinga. Rapportane fungerer som statusmåling, kvalitetssikring og evaluering, og gir grunnlag for budsjettarbeidet. Planen skal evaluerast og rullerast kvart sjette år, medan handlingsdelen skal reviderast annankvar år.